

Til redaksjonen



Pressemelding

22.08.2023

Kulturlandskapsprisen til verdsarvsbøndene i Undredal

– Denne aller første Kulturlandskapsprisen i Vestland går til det framifrå arbeidet de gjer for å ta vare på verdiane i landbruket sitt kulturlandskap. Gratulerer så mykje, sa fylkesordførar Jon Askeland, då han delte ut prisen i Undredal tysdag.

Med seg hadde han ein gåvesjekk på 30 000 kroner, blomar og diplom.

På brattlente og arbeidskrevjande småteigar driv verdsarvsbøndene i Undredal aktivt landbruk med innovasjon og nytenking. Den landskapstilpassa drifta gjer at artsrike slåttemarkar, beitemark, stølar, kulturminne og tradisjonar knytt til jordbrukslandskapet vert teke vare på.

– Verdsarvsbøndene i Undredal er førebilete for andre i arbeidet med levande kulturlandskap og ved å ta vare på biologisk mangfald, tradisjonar og verdiskaping. Her inne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden tilbyr dei noko av det som er mest representativt for Vestland, og Noreg, si kulturhistorie, sa Askeland.

Stort spekter

Sju personar utgjer verdsarvsbøndene i Undredal. Desse er Maria Underdal, Atle Borlaug, Anna Elise Borlaug, Tormod Underdal, Erna Underdal Skarsbø, Nils Hjellum og Jannicke Hjellum. Dei kjem frå ulike gardsbruk som arbeider med eit stort spekter av oppgåver - både grovforproduksjon, geitemjøl, ysting, storfe, kjøttproduksjon og grønsaksproduksjon for lokal levering.

I tillegg til utdelinga av prisen fekk dei frammøtte oppleve ei vandring mellom bruka i Undredal, der gardbrukarane fortalte om drifta, og matsservering på Undredal ungdomshus.

Samarbeider om prisen

Klima- og miljøprisen for landbruket i Vestland og kulturlandskapsprisen i Vestland er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Statsforvaltaren i Vestland. Prisane skal gje auka merksemd rundt gode klima- og miljøvennlege tiltak i landbruket, i tillegg til auka merksemd rundt kulturlandskap og -verdiar. Dei to prisane er etablerte av fylkestinget.

Dette er juryen

Slik har juryen vore sett saman i 2023:

- Bonde- og Småbrukarlaga i Hordaland og Sogn og Fjordane v/ Anders Lundevold
- Seksjon for kulturarv, Vestland fylkeskommune v/Tore Slinning

- Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv, Vestland fylkeskommune v/ Kjersti Sognnes
- Miljøavdelinga, Statsforvaltaren i Vestland v/Solveig Roald
- Landbruksavdelinga, Statsforvaltaren i Vestland, v/ Øyvind Vatshelle
- Vestland Bondelag v/ Andreas Wollnick Wiese
- Institutt for miljø- og naturvitskap, Høgskulen på Vestlandet v/Leif Hauge

Trude Knagenhjelm hjå Statsforvaltaren har vore sekretær for juryen.

Vedlegg/foto:

1. Tormod og Trude Underland er to av dei som fekk den første Kulturlandskapsprisen i Vestland. Foto: Kjersti Sognnes, Vestland fylkeskommune.
2. Fylkesordførar Jon Askeland delte ut den første Kulturlandskapsprisen i Vestland på ungdomshuset i Undredal. F.v. Atle U. Borlaug, Anna Elise Borlaug, Tormod Underdal, Trude Underdal, Erna U. Skarsbø, Bernat Alacorn Underdal. Foto: Kjersti Sognnes, Vestland fylkeskommune.
3. Før prisutdelinga var det vandring mellom gardsbruka i Undredal der gardbrukarane fortalte om drifta. Foto: Kjersti Sognnes, Vestland fylkeskommune



Statsforvaltaren i Vestland